

Saksbehandlar: Dagfinn Henjum Sværen, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 17/3908-6

Praksisbrevordninga

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Ordninga praksisbrevkandidat blir i kokkfaget (RMKOK3----)
- 2 Ordninga blir lagt til Mo og Øyrane vidaregåande skule

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn:

Hausten 2016 blei det innført ei ny ordning i vidaregåande opplæring som heiter praksisbrevordninga. Praksisbrevordninga er eit toårig opplæringsløp på yrkesfaglege utdanningsprogram som fører fram til ein planlagt grunnkompetanse. Det er fastsett endringar i opplæringslova med tilhøyrande forskrift og eit nasjonalt rammeverk for utvikling av lokale praksisbrevlæreplanar som regulerer ordninga. Målgruppa for praksisbrevordninga er elevar som frå grunnskulen kan ha svake karakterar, høgt fråvær, men som ikkje har lærevanskar eller særskilte opplæringsbehov. Ein antek at ungdomar i målgruppa over tid vil kunne oppnå kompetansemåla ved ein meir praktisk tilnærming gjennom opplæring i bedrift.

Praksisbrevordninga i Sogn og Fjordane:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei plikt til å ha eit tilbod om praksisbrev innanfor minst eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Det fylgjer av opplæringslova §13-3 femte ledd at «Fylkeskommunen skal gi tilbod om praksisbrev». Det er ikkje krav til omfang av det fylkeskommunale praksisbrevtilbodet. Tilbodet er heller ikkje eit søkbart tilbod. Fylkeskommunen må tilpasse tilbodet i tråd med søkjarar og tilgjengelege læreplassar.

For Sogn og Fjordane har ein saman med partane i arbeidslivet identifisert lærefaget *kokkfaget (RMKOK3----)* som eit fag der praksisbrev vil vere eit nyttig kompetansenivå og godt grunnlag for å fortsette mot fag-/sveinebrev. I kokkfaget vil det også vere moglegheiter for å kunne tilby opplæringskontrakt i bedrift. Ettersom praksisbrevkandidaten skal ha opplæring i tre fellesfag i løpet av det toårige løpet vil kandidatane veksle mellom skule og bedrift. Den tida kandidaten har opplæring i bedrift vil han eller ho ha status som praksisbrevkandidat. Den tida kandidaten har opplæring i skule vil han eller ho ha status som elev. Med bakgrunn i dette er ein avhengig av å knyte ordninga til ein vidaregåande skule. Ved *Mo og Øyrane vidaregåande skule* kan eit slikt tilbod organiserast ut frå kriteria ordninga bygger på.

Det er stor uvisse knytt til om det er aktuelle kandidatar til praksisbrevordninga i Sogn og Fjordane. Det er fylkesdirektøren si vurdering at det er føremålstenleg, som ei prøveordning, å legge dette tilbodet til Mo og Øyrane vidaregåande skule.

